



MØTEBOK

50/5 m.fl. Adressering i planlagd bustadfelt i Dåfjorden

Utval sak	Utval	Møtedato
52/26	Formannskapet	26.08.2026

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fitjar kommune legg fylgjande forslag til adressenamn for nye vegar i nytt bustadfelt i Dåfjorden til offentleg høyring:

1. Skulehaugen
2. Smieskogen

Høyringsfristen vert sett til 4 veker.

Saksprotokoll i Formannskapet - 26.08.2026

Behandling:

Representanten Rune Helland KRF) ba formannskapet vurdere om han er ugild i saka. Han er part i saka om detaljregulering av nytt bustadfelt gjennom selskapet som står for reguleringsplanarbeidet. Kommunedirektøren orienterte om at han ikkje er part i saka om namnesetting. Han vart samrøystes erklært gild, og kom til møtet att.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) sette fram framlegg i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Fitjar kommune legg fylgjande forslag til adressenamn for nye vegar i nytt bustadfelt i Dåfjorden til offentleg høyring:

1. Skulehaugen
2. Smieskogen


Høyringsfristen vert sett til 4 veker.

Bakgrunn:

I samband med detaljregulering av nytt bustadfelt i Dåfjorden er det behov for å fastsetje adressenamn for to nye vegparsellar i området.

Saksutgreiing:

Fastsetjing av adressenamn er eit kommunalt ansvar etter matrikkellova. Kommunen skal tildela alle gater og vegar eit namn som er eintydig innan kommunen, jf.



Området der dei nye vegane kjem har få kjende stadnamn knytt til seg. Me har ikkje klart å finna gamle stadnamn i arkiv eller gamle kart. Området er ubyggd utmark i dag, og prega av open furuskog og myr.

Administrasjonen har vore i kontakt med personar med god kunnskap om lokale tilhøve og historie som kunne stadfeste at det har vore ei smie i «Smieskogen» tidlegare, og at namnet derfor er forankra i lokal historie.

Namnet Skulehaugen viser til at området ligg rett ovanfor Selevik skule.

Namna er nytta i gjeldande reguleringsplanforslag.

Namna vil bidra til ei naturleg identifisering av vegane i det nye bustadfeltet. Det er ikkje kjent at namna kjem i konflikt med eksisterande adressenamn i Fitjar kommune.

Administrasjonen vurderer at dei føreslegne namna er godt eigna som adressenamn og tilrår at framlegga vert lagde ut på offentleg høyring før endeleg vedtak vert fatta.

Steinar Dalland
kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.